



REFERAT STYREMØTE FJORDKYSTEN FRILUFTSRÅD 16.10.2017

Møtestad; Flora kommune, møterom plan og utvikling

Desse møtte; **Flora kommune**; styreleiar Arlene Vågene

Flora kommune; styremedlem Jan Henrik Nygård

Solund kommune; styremedlem Kari Einen

Solund kommune; vara/styremedlem Nils Bjørgo

Sekretær/DL Bjarthe Engevik

Forfall; **Askvoll kommune**; styremedlem Harriett Norstrand

Askvoll kommune; styremedlem Anne Grethe Lien

Askvoll kommune; varamedlem Roger Løvik

Møteleiing; Arlene Vågene

Sak 1/17 **Vedtak/formell tilsetjing av dagleg leiar**

Vedtak;

Styreleiar signerte framlagd arbeidsavtale.

Sak 2/17 **Innstruks Dagleg leiar**

Vedtak;

Styret vedtek den framlagde innstruksen for dagleg leiar.

Sak 3/17 **Innstruks styret**

Vedtak;

Styret vedtek å nytte Ryfylke Friluftsråd sin styreinnsstruks med visse tilpasningar. Styreleiar og DL språkvaskar forslaget og endrar dette i tråd med vedtektene. Når det gjeld økonomi og møtegodtgjersle skal

dette sjekkast ut med admin.sjefane i dei 3 kommunane. Innstruksen må leggest fram for og endeleg godkjennast i generalforsamlinga.

Sak 4/17

Innmelding av endra styre, signaturrett

Vedtak:

Styret melder inn dagens styre og roller samt DL til Br.sund. Styreleiar skal ha prokura og signaturrett.

Sak 5/17

Økonomi/budsjett DL sin rapport

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande og ber DL få innbetalt løyvingar frå RUP/Hafsregionråd, fylkeskommunen og medlemskommunane.

Sak 6/17

Orientering medarbeidersamling Nordskott/Nordland

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 7/17

Strandrydding, prosjektstatus, budsjett

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 8/17

Møteplan styret

Vedtak:

Den framlagde møteplanen for Fjordkysten Friluftsråd blir vedteken med mindre justeringer.

Sak 9/17

Samarbeidsavtale/samarbeidsgruppe

Vedtak:

DL blir gitt høve til å innleie samarbeid med den fagperson i kommunane som best kan råde og igangsetje saker som enten skal førebust styret eller iverksetjast grunna vedtak. Dette må kunngjerast administrasjon og fagleiarar i kommunane.

Sak 10/17**Media, presse, logo, profilering**

Vedtak; Forslag til logo som utarbeida og framlagt for styret blir Fjordkysten Friluftsråd sin logo i alt profileringsarbeid. Media må oppsøkjast for å få merksemd, og ein må gje dei ferdigproduserte artiklar med bilete.

Sak 11/17**Attestere og tilvise rekningar****Vedtak;**

DL attesterer rekningar, medan adm.sjef Solund kommune tilviser. Styreleiar får tilsendt fakturaoppstilling for å halde seg orientert.

Sak 12/17**Skjærgardsteneste, prosjekt****Vedtak;**

FF ser at det er eit stort potensiale for skånsomt å tilrettelegge og verne for alment friluftsliv i Sogn og Fjordane. Tilrettelegging inneberer utføring av tiltak som igjen fører til behov for vedlikehald og drift. Verna området krev tilsyn/oppsyn. Forureining av kystlina krev pågåande innsats. Fjordkysten Friluftsråd sine fjordar og øylandskap med fleire tusen kilometer strandlinje krev eigna utstyr for å utføre dette arbeidet. Ein skjærgardsteneste knytt til regionen vil vere avgjerande for å lukkast. Styret ynskjer nær dialog med Fylkeskommunen samt Miljødir. på dette. I ein mellomfase må ein søkje samarbeid med SNO, (BOF) Bergen og Omland Friluftsråd og eigna fartøy frå oppdrett til å klare utfordringane. Styret ber om at det vert satt i gang eit forprosjekt for å utrede skjærgardsteneste og vonar at Sogn og Fjordane Fylkeskommune kan stø oppunder dette. Styret vil fremje ein eigen søknad til Sogn og Fjordane Fylkeskommune om midlar til dette.

Sak 13/17**Friluftsskule****Vedtak;**

Styret ynskjer at Fjordkysten Friluftsråd skal arbeide for å kunne tilby/samarbeide om friluftsskular i medlemskommunane.

Sak 14/17**Friluftsporta****Framlegg til vedtak;**

Styret ynskjer at det igangsetjast eit kartleggingarbeid for å finne eigna område til å anlegge friluftsport/portal i medlemskommunane.

Sak 15/17 **Digital plattform; TellTur, GodTur og Stadbasert læring.**

Framlegg til vedtak:

Styret vel å gå for alternativ 3, å ikkje nytte seg av nokon av tilboda

Sak 16/17 **Drøftingssaker ; Handlingsplan, årshjul, strategi.**

Framlegg til vedtak:

Handlingsplan, årshjul og strategi er saker som må arbeidast med på møtet i januar 2018.

Sak 17/17 **Innvitasjon medlemskap Gulen og Hyllestad.**

Framlegg til vedtak:

Vi ynskjer å få fleire kommunar med i FF og skal utarbeide og sende innvitasjon til Gulen, Hyllestad, Fjaler, Bremanger og Vågsøy.

Florø, den 16.10.2017

.....

Arlene Vågene

.....

Kari Einen

.....

Jan Henrik Nygård

.....

Nils Christian Bjørgo